

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: RADISSON BLU HOTEL NORGE, BERGEN
MØTETIDSPUNKT: 18. JUNI 2015 kl. 0830 – 1600

Sak 066/15 Spørsmål om ny helikopterbase i Helse Fonna HF – innspel til ny kontraktsrunde for helikoptertjenester

Oppsummering

Helseforetakenes Nasjonale Luftambulansetjeneste ANS (LAT ANS) vil sjå nærmare på basestruktur nasjonalt, her under Helse Vest sitt behov for helikopterbasar, som førebuing til ny anbuds konkurranse i luftambulansetjenesta. Det er eit pågåande strategiarbeid for den framtidige luftambulansetjenesta i Noreg. Eit hovudspørsmål her er: *Kva treng helseregionane av ambulansfly- helikopterressursar for å ivareta sitt sørgje for ansvar.*

Denne styresaka gjeld primært spørsmålet om etablering av ny luftambulansbase i Helse Fonna HF.

Helse Fonna har i brev datert 4. mai 2015 om ambulanshelikopter i Helse Fonna HF, bedt om bistand frå Helse Vest og Luftambulansetjenesten ANS for vidare utgreiing av saka.

Helse Fonna blir til dagleg dekt av 3 ambulanshelikopter (Stavanger, Bergen og Ål) og redningshelikopteret på Sola. Kvar av desse har ei flytid til grensa i Helse Fonnas på cirka 10 – 15 minutt.

Aktiviteten og oppdragsmengda i Helse Vest samla, og ved den ein skilde base har vist ein stabil trend dei siste åra. Aktiviteten i Fonna området har også vist ein stabil trend. Det er relativt god kapasitet ved basane som dekker området. Nasjonalt bilete viser også at området har relativt god dekning.

Det er verken i styresaka til Helse Fonna HF, eller i gjennomgangen frå Luftambulansetjenesten ANS og Helse Vest RHF, komme fram opplysningar om at luftambulansedekninga i Helse Fonna er utilstrekkeleg.

Helse Vest må legge til grunn at etablering av ny luftambulansbase, eventuelt styrke tenesta med eit ekstra helikopter ved ein eksisterande base, må gjerast innanfor den økonomiske ramma i RHF-et. Det vil gå inn i ein prioriteringssamanheng, og ev føre til nedprioritering av andre oppgåver.

Helse Vest RHF ser på denne bakgrunn ikkje at det er grunnlag for å etablere ny base i Haugesund.

Helse Fonna bør vurdere andre tiltak der det er behov for å styrke prehospitala tenester.

Innspel til styret i Helse Vest frå Haugaland Vekst regionråd var delt ut i møtet.

Leiar av Regionalt brukarutval, Linn Bæra peika på at brukarutvalet i Helse Fonna har behandla saka og peika på at dersom det på eit seinare tidspunkt viser seg at det blir behov eit nytt helikopter i føretaksgruppa vil det vere naturleg at Helse Fonna at dette blir vurdert plassert i

Etter forslag frå styremedlem Tone Berentsen Steinsvåg, blei det lagt til følgjande pkt. 5 i vedtaket:

«Dersom framtidig utgreiing konkluderer med auking av helikopterkapasiteten i Helse Vest, skal Helse Fonna vurderast som nytt lokaliseringsalternativ.»

Vedtak (samrøystes)

1. Helse Vest RHF ser ikkje at det for kommande kontraktsperiode er grunnlag for å etablere ny base i Haugesund.
2. Helse Fonna bør vurdere andre tiltak dersom det er behov for å styrke prehospitala tenester.
3. Det må settast i verk tiltak for å sikre standardisering og betre utnytting av luftambulanseressursane. Prosedyrar i forhold til utkalling/bruk av luftambulanse må gjennomgåast.
4. Ved gjennomføring av nytt anbod for luftambulanse på Vestlandet, bør det vurderast ein opsjon for å styrke beredskapen med eit ekstra ambulanshelikopter i avtaleperioden. **Dersom framtidig utgreiing konkluderer med framtidig auke av helikopterkapasitet behov skal Helse Fonna vurderast som eit plasserings alternativ.**
5. Dersom framtidig utgreiing konkluderer med auking av helikopterkapasiteten i Helse Vest, **skal Helse Fonna vurderast som nytt lokaliseringsalternativ.**